



Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarehun, Fylkesrådmannen, Hordaland
 Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
 Sak nr.: 2015/1434-550

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--------------|--------|------------|
| Fellesnemnda | | 18.12.2017 |

Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiari

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiari fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.17.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektleiari fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektleiari får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Vedlegg:

- 1 Intensjonsplanen for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland (17.01.2017), kap. 4.
- 2 Reglement for fellesnemnda, vedteke 27.10.2017, §§ 10–12.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

Reglementet for fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vart vedteke i fylkestinga i Sogn og Fjordane og Hordaland i Gulen kommune 27.10.2017. Reglementet peikar i fleire av paragrafane på område der det vil vere naturleg å delegera mynde til fylkesrådmennene og/eller prosjektleiar (framtidig fylkesrådmann).

Fylkesrådmennene/prosjektleiar

Fram til prosjektleiar/fylkesrådmann for den nye fylkeskommunen er tilsett, vil fylkesrådmennene både ivareta funksjonane knytte til sine respektive fylkeskommunar, og samstundes leie det administrative arbeidet med samanslåingsprosessen. Når prosjektleiar er tilsett og på plass, vil vedkomande leie det administrative arbeidet med fylkessamanslåinga.

Prosjektleiaren tiltrer som fylkesrådmann når den nye fylkeskommunen er verksam frå 01.01.20.

Fram til prosjektleiar er på plass, vil dei to fylkesrådmennene i fellesskap syte for at saker som vert lagt fram for fellesnemnda, arbeidsutvalet og det partsamansette utvalet er forsvarleg utgreidde, og at vedtak vert sette i verk.

Eventuell usemje mellom fylkesrådmennene vert synleggjort i aktuelle saksframlegg.

Fylkesrådmennene vil i perioden fram til 01.01.20 vere ansvarlege for å stille til disposisjon nødvendige ressursar/kompetanse frå eksisterande fylkesadministrasjonar, slik at det er tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse for å oppretthalde framdrift i fylkessamanslåinga fram til 01.01.2020.

Fellesnemnda sitt reglementet (§19) slår elles fast at dei to fylkesrådmennene og prosjektleiar har møte- og talerett i fellesnemnda, og at fylkesrådmennene/prosjektleiar innstiller i saker som vert lagt fram for nemnda.

Konkrete område for delegering av fullmakter til fylkesrådmennene/prosjektleiar

a) Administrativ organisering

I §7 i reglementet til fellesnemnda er det nedfelt at nemnda skal fastsetje modell for politisk og administrativ organisering i den nye fylkeskommunen innanfor rammene som er fastlagde i intensjonsplanen av 17.01.17. Innanfor ein formannskapsmodell er det eit tydeleg skilje mellom politisk og administrativ organisering. Dette inneber at fylkesrådmennene/prosjektleiar får ansvar for å utforme og fastsetje den administrative organiseringa i den nye fylkeskommunen i samsvar med fellesnemnda si vedtekne organisering og føringane som ligg i intensjonsplanen, datert 17.01.17.

b) Avtalar

I reglementet til fellesnemnda vert det i §10 opna opp for at fellesnemnda kan inngå avtalar på vegne av den nye fylkeskommunen, i den grad slike avtalar må inngåast før det nye fylkestinget vert konstituert. Dersom det er aktuelt for fellesnemnda å delegera slikt mynde vidare til fylkesrådmennene, har fellesnemnda høve til å gjere dette. Fylkesrådmennene/prosjektleiar får

fullmakt til å inngå avtaler om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen, som IKT-system, økonomistyringssystem, sakshandsamings -og arkivsystem m.m.

Fellesnemnda vil fortløpende bli orientert om eventuelle andre avtaler for heile den nye fylkeskommunen som må inngåast før 1.1.2020.

c) Tilsetjing av personell

I §11 i reglementet har fellesnemnda fått fullmakt til overføring av personell til den nye fylkeskommunen, samt ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen. Det er vidare nedfelt at fellesnemnda kan delegerere dette myndet vidare til fylkesrådmennene.

Det vert tilrådd at fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følgjer også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen. Fylkesrådmennene har i dag slik fullmakt innanfor personalområdet både i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

d) Økonomi/budsjett

§18 i reglementet viser til at kommunal- og moderniseringsdepartementet har utbetalt 15 mill.kr til kvart fylke for å dekke eingongskostnader ved samanslåinga. Fellesnemnda har fått i fullmakt å disponere den samla ramma på 30 mill.kr som støtte til eingongskostnader i det førebunde arbeidet og gjennomføringa av samanslåinga.

Fylkesrådmennene kjem i ei seinare sak attende til spørsmålet om delegering av fullmakter innanfor økonomistyring/budsjett.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fellesnemnda bør vidare gje fylkesrådmennene/prosjektleiar fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen i samsvar fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt dei føringar som vert gjevne i intensjonsplanen, datert 17.01.17.

Fylkesrådmennene/prosjektleiar bør vidare få fullmakt til å inngå avtaler om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.

Fylkesrådmennene tilrår også at fylkesrådmennene/prosjektleiar får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følgjer også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.